

Marsteinen

Lokalavis for Austevoll

55 08 21 00

BESØKSADRESSE:

Gamle Prestagarden

POSTADRESSE:

5392 Storebø

Kjem ut kvar torsdag

E-POST:

redaksjonen@marsteinen.no

annonser@marsteinen.no

abonnement@marsteinen.no

lesarbrev@marsteinen.no

KONTORTID REDAKSJONEN:

kl 9 -16 måndag-fredag

KONTORTID MARKNAD/

GRAFISK:

kl 9 -16 måndag-onsdag

torsdag-fredag etter avtale

ANNONSEFRISTAR:

Forretningsannonser:

måndag kl 16.00

Rubrikkannonser:

tysdag kl 12.00

Bygdanytt:

tysdag kl 12.00

BLADPENGAR:

835 (1/1 år) 500 (1/2 år)

REDAKTØR:

Trond Hagenes

tlf. 55 08 21 03

mob. 98874253



JOURNALIST:

May Linn

Clement

tlf. 55 08 21 02



GRAFISK/

MARKNAD:

Malin Økland

tlf. 55 08 21 00



DAGLEG LEIAR:

Linda Mathilde

Økland

tlf. 55 08 21 12



ANNONSAR:

Arild Sunde

tlf. 55 08 21 00



ØKONOMI:

Wenche A. Toft

tlf. 55 08 21 00



Avfotografering av stoff, bilete og annonser frå Marsteinen er ikkje tillate utan etter avtale med redaktøren.

UTGJEVAR:

Austevoll Forlag A/S

FORMGJEVING:

Marsteinen

TRYKK: Sunnhordland

Marsteinen ynskjer å retta seg etter reglar for god presseskikk, slik dei er nedfelte i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg urettmessig ramma av omtale i avisa, kan ta kontakt med redaksjonen eller Pressens faglige utvalg (PFU), som er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. Organet, som har medlemmer frå presseorganisasjonane og ålmenta, handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål. Pressens faglige utvalg Prinsensgt. 1, P.b. 46 Sentrum, 0101 OSLO



MARSTEINEN MEINER

Kampen for eit reinare hav

Bereposar, slitasje frå bildekk, gamle drikkeflaske, taustumpar av nylon og annan emballasje. Kastar du det frå deg i naturen forsvinn det ikkje, men vert over utruleg lang tid omskapt til ørsmå plastpartiklar som vert teken som mat av mindre organismar. Deretter vert det ført

oppover i næringskjeda til det endar opp i oss sjølve. Implikasjonane av enorme mengder plastavfall på sjø- og havbotnen og på strendene er enorme, sjølv om medvitet om tema fyrst har vorte særleg synleg det siste tiåret. Kortfilmen *Midway* av Chris Jordan frå 2012 sette særleg fokus på korleis plastavfall øydela liva og hekkekoloniane til albattrossane som hekka på øya, meir

enn 2 000 kilometer frå næraste kontinent. Filmskaparen spør i traileren til den hjarteskjerande filmen om me er har mot til å ta innover oss realitetane i tida me lever i, og at dei går langt utover vår levetid. Endringane som går føre seg formar både oss sjølve og framtida til menneska og livet på jorda. Plastkorkar, lightearar og andre små plastgjenstandar som flyt i havoverflata vert

gift for fuglande, på same viset som plastflak vart døden for kvalen ved Sotra. Om kvalen ikkje døde fånyttas er det er trøyst i dét, me må ikkje gløyma at den augneblinken med latskap eller alle dei gongane me kastar ikkje-biologisk avfall i naturen, er det ei potensiell dødsfelle for eit dyr ute i naturen, og i ytste konsekvens for deg sjølv eller oldebarna dine.

Frå Vikings til Hengjo

Einar Selvik frå Wardruna har skrive musikk til Vikings-serien saman med Ivar Bjørnson frå Enslaved. I mai ventar konsert av tingsingsverket Hugsjá i sjølvaste Hengjo.

Utanlands har det vore ei massiv interesse for norrøn historie i 20-30 år, og etter at serien *Vikings* gjekk på lufta har talet på entusiastar eksplodert. Einar Selvik, som har skrive mykje av musikken til *Vikings*, kjem til Hengjo med bestillingsverket *Hugsjá* – og har førebudd seg godt.

– Den gamle musikken har henta inspirasjon frå naturen og landskapet kring oss, dette er på mange måtar universelt. Bestillingsverket framfører me i Grieghallen den 31. mai, og tek han med fire nye plassar, der me tilpassar det lokalt, seier Einar Selvik til Marsteinen.

– Sjølv om det er få skriftlege kjelder frå Bekkjarvik før på 1600-talet, ser me på fornminne og spesielt gravrøysene på Kongsen at det har vore ein viktig stad, ettersom dei har vore synlege frå skipsleia, poengterer Selvik. Fornminnet frå bronsealderen er dermed med i førebuingane til medkomponist Ivar Bjørnson, Selvik og resten av ensemblet.



Ivar Bjørnson og Einar Selvik er komponistane som tek med seg tingsingsverket *Hugsjá* til Hengjo på forsommar. Foto: Ester Segarra.

Fram frå skamma

Norrøne symbol, historie og mytologi er i ferd med å komma fram frå skammekroken, etter at nazistane på 1930- og '40-tallet hadde trykt denne delen av historia til brysta sine.

– Når den internasjonale interessa er vorten så stor, kan me trygt trekkja fram Vikingtida att. Og no gjerne utan at me ser det gjennom det religiøse sløret frå ein tysk eller britisk munk eller verta tillagt politisk farge,

seier Selvik. Sjølv kjem han til å traktera ei rekkje instrument med historie som strekkjer lengre bak enn middelalder og vikingtid. Lyre, tagharpe, bukkehorn og fleire andre instrument frå rett så gamle tider vert smelta saman med nyare instrument som gitar, hardingfele, tangentar og perkusjon.

– Musikken vert nok sjangeroverskridande, slår Selvik fast om tingsingsverket Ivar Bjørnson og han sjølv arbeider med.

Bjørnson er kjent frå dei hardtslåande rockarane i *Enslaved*, utan at det treng å komma fram i lydbiletet i Hengjo.

Ambisjonen med prosjektet er uansett klar.

– Me håpar at folk kan gå frå konserten å sjå på nærområdet sitt og historia si på ein litt ny måte, slår den historieinteresserte musikaren og komponisten fast.

M Trond Hagenes
trond.hagenes@marsteinen.no

Svanesong i Hengjo

Frå konsertarena til kystmuseum? Hengjo kan i løpet av sommar-månadane gå gjennom eit lite hamskifte.

Det ligg mykje hav, salt og tjøre i veggane på Hengjo i Bekkjarvik. Staden vart bygd då fiskarane var prisgitte å få barka bomullsnøtene sine og tørka dei mellom slaga. Etter ei tid i bak- evja kom bygget til ein slags ny

heider gjennom kystsogevøkene og bruk som konsertarena. No kan noko nytt vera på trappene.

– Me har fått tilbod om å vera vertskap for ei heil båtsamling, som inntil nyleg har vore å finna på Smedholmen i Fitjar. Her har dei ei rekkje tidrette båtar med røter attende til landnøtfiskeria tidleg på 1800-talet, og det ligg til rette for at båtane kan verta viste fram med original seglføring, seier Inge Halstensen. Fiskaren i Halstensen meiner at ein

dory manglar i samlinga, men han har ein god dialog med ein lokal reiar som har ein original lettboat frå 1950-talet som kan setjast i tidsrett stand. Doryar var standardløyising på nótåtar før kraftblokka vart standardutrusting. I korta ligg det òg at praktskuta "Seladon" kan få heimhamn i Bekkjarvik delar av året.

Også frå idretts- og kulturavdelinga i Hordaland fylkeskommune ser dei på Hengjo i

ein museal samanheng som eit interessant prosjekt.

– Me har vore i dialog med nærings- og kultursjefen i Austevoll kommune, og ventar på eit lokalt innspel. I ein slik samanheng kan me vera med å bidra med både midlar og anna, seier fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd, som for tida er konstituert idretts- og kultursjef i Hordaland.

M Trond Hagenes
trond.hagenes@marsteinen.no